




2020

HEMSEDAL KOMMUNE



TERTIALRAPPORT

1. tertial 2020

INNHOLD

0. INNLEIANDE	2
1. MEDARBEIDARPERSPEKTIVET	3
1.1 RÅDMANNEN MED STAB:	5
1.2 KULTUR OG OPPVEKST:	5
1.3 HELSE OG OMSORG:.....	5
1.4 TEKNISK.....	5
2. ØKONOMIPERSPEKTIVET	6
2.1 LØN KORRIGERT FOR REFUSJON SVANGERSKAP OG SJUKDOM - HOVUDOVERSYN.....	6
2.1.1 RÅDMANNEN MED STAB:.....	6
2.1.2 KULTUR OG OPPVEKST:	6
2.1.3 HELSE OG OMSORG:	7
2.1.4 TEKNISK.....	7
2.2 ANDRE KOSTNADER	8
2.2.1 RÅDMANNEN MED STAB:.....	8
2.2.2 KULTUR OG OPPVEKST:	9
2.2.3 HELSE OG OMSORG:	10
2.2.4 TEKNISK.....	10
2.2.5 FINANS – ANNEN	10
2.3 INNTEKTER	11
2.3.1 RÅDMANNEN MED STAB:.....	11
2.3.2 KULTUR OG OPPVEKST:	12
2.3.3 HELSE OG OMSORG:	12
2.3.4 TEKNISK.....	14
2.3.5 FINANS - ANNEN	14
2.3.6 FRIE INNTEKTER – SKATT OG RAMMETILSKOT	14
2.3.7 EIGEDOMSSKATT	16
2.4 INVESTERINGAR	17
3. SPESIELLE HENDINGAR.....	18
3.1 RÅDMANNEN MED STAB:	18
3.2 KULTUR OG OPPVEKST:	18
3.3 HELSE OG OMSORG:.....	18
3.4 TEKNISK.....	18
4. VEDTAK	19
4.1 KOMMUNESTYRET:	19
4.2 FORMANNSKAPET	19
4.3 HOVUDUTVAL FOR PLAN OG RESSURS	19
4.4 HOVUDUTVAL FOR PLAN OG RESSURS.....	19

5. RÅDMANNEN SINE KONKLUSJONAR PR. 1. TERTIAL.....	20
5.1 MEDARBEIDARPERSPEKTIVET	20
5.2 ØKONOMIPERSPEKTIVET	20
5.2.1 LØN KORRIGERT FOR REFUSJON SJUKDOM OG SVANGERSKAP	20
5.2.2 ANDRE KOSTNADER.....	20
5.2.3 ANDRE INNTEKTER	20
5.2.4 INVESTERINGAR	20
5.2.5 FORVENTA RESULTAT 2018.....	20
5.3 SPESIELLE HENDINGAR	20
5.4 LØPANDE OPPFØLGJING AV VEDTAK	21

0. INNLEIANDE

Tertialrapport – bakgrunn:

Tertialrapporten er meint å vere ein rein avviksrapport der det som ikkje er kommentert må reknast med å vere under kontroll. Rapporten er utarbeidd på så grovt nivå som mogeleg.

	Ingen avvik
	Avvik, men under kontroll
	Avvik, sak til kommunestyret

Tertialrapport – oppbygging:

Det blir rapportert på følgjande nivå:

- Medarbeidarperspektivet
- Økonomiperspektivet
 - Løn
 - Andre kostnader og inntekter
 - Vesentlege postar utanfor kommunen sin kontroll
- Investeringar
- Spesielle hendingar
- Vedtak

Definisjon av vesentleg avvik:

Rådmannen definerer vesentleg avvik som at Kommunestyret hadde fatta anna avgjerd eller vedtak om dei hadde visst om avviket.

Tertialrapport som ledd i anna rapportering:

Tertialrapporteringa er ei samling av informasjon frå månadsrapportering, men som ein sum pr. april og pr. august. Perioderapportane tek sikte på å gje signal om ev. naudsynlege justeringar av drift, medan årsmeldinga rapporterer historiske avvik. Dess lengre ut i året ein kjem, dess vanskelegare blir det å justere drift.

Kommunestyret skal ha melding om det som ikkje er gjort etter forventningane (eller som er gjort meir enn planen), årsaka til avviket og eige vurdering av kor alvorleg avviket er og om dette kan løysast administrativt.


Covid-19

Rapporten er skrive i eit tertial der halve perioden var normal og halve perioden har vore det mest unormale Noreg og verden har opplevd på fleire ti-år.

Alle tal som blir nytta for å samanlikne data med førre tertial og dei komande tertiala vil bli vanskelege å nytte.

1. MEDARBEIDARPERSPEKTIVET

Totalt sjukefråvær 2017 - 2020, månad for månad:




Kommentar:

Fråværet er inkl. Covid-19-relatert fråvær, som gjer rapportert fråvær meget imponerande. Vi reknar at det Covid-19-relaterte fråværet har vore 0,7 % for heile perioden, som igjen betyr at dersom ein gjer om fråværet til den perioden som viruset har vore mest fokusert, så må ein doble Covid-19-fråværet.

Det igjen betyr at anna fråvær må ha vore lågare i perioden.


Korttidssjukefråvær 2017 - 2020, månad for månad (fråver 1 - 16 dagar):
Korttidsfråver - 2017 - 2020 - månad for månad

**Kommentar:**

Fråværet er inkl. Covid-19-relatert fråvær.

Langtidssjukefråvær 2017 - 2020, månad for månad (fråver 17 - 999 dagar):

Langtidsfråver - 2017 - 2020 - månad for månad



Kommentarar:

Som forklart ved diagramma på dei førre sidene, så er sjukefråværet imponerande lågt når vi samstundes veit at presset på mange verksemder har vore særstakkt stressande i denne perioden.

Covid-19-fråvær:

Av det totale fråværet er 0,7 % knytt til Covid-19-relatert fråvær.

1.1 Rådmannen med stab:

Fråvær er pr. april totalt på 9,6 %, av dette 1,2 % korttidsfråvær. Fråværet er ikkje knytt til arbeidssituasjonen

STEMMER DETTE?

1.2 Kultur og oppvekst:

Samlet fråvær pr. april totalt på 8,7 %. Av dette er 2,8 % korttidsfråvær. Fråværet er ikkje knytt til arbeidssituasjonen.

1.3 Helse og omsorg:

Det totale fråværet er rekna til 9,3 % pr. april. Av dette er 2,7 % korttidsfråvær.

I nokon avdelingar er det langvarige sjukefråværet knyta opp mot planlagde operasjoner, graviditet ol.

Korttidsfråværet har det siste året auka på Bygdaheimen, her vil vi sette i gang med arbeidsmiljøtiltak .

Det er noko sjukefråvær som vi veit er knyta til arbeidsplassen, vi starter nå opp med kartlegging for å iverksette tiltak for å motverke dette.

1.4 Teknisk

Det totale fråværet pr. april er rekna til 3,9 %. Korttidsfråværet er 2,2 % for perioden. Fråværet er ikkje knytt til arbeidssituasjonen.

2. ØKONOMIPERSPEKTIVET

2.1 Løn korrigert for refusjon svangerskap og sjukdom - hovudoversyn

Meirforbruk pr. april (sosiale kostnader kjem i tillegg):

Verksemd – rapportering	Kode avvik	Prognose + meirforbruk	Forklaring til avvik:
Barnehage		+360.000	2.1.2
Skule inkl. adm. og kulturskole		+621.000	2.1.2
Helse		+197.000	2.1.3
Omsorg		+309.000	2.1.3

Mindreforbruk pr. april (sosiale kostnader kjem i tillegg):

Verksemd – rapportering	Kode avvik	Prognose - mindreforbruk	Forklaring til avvik:
Rådmann med stab		-40.000	2.1.1
Teknisk		-597.000	2.1.4

Kommentarar:

ALLE tal er eksklusiv bruk av prosjektmidlar inkl. Covid-19-relaterte lønnskostnader.

Avvik som ikkje blir kommentert må reknast med er under kontroll.

Covid-19-løn:

Alle lønnskostnader som er knytt til Covid-19 er ikkje ført pr. april (variabel løn i april).

Rådmannen presiserte tidleg at det er kun ekstrakostnader til løn knytt til Covid-19 som skal førast på prosjekt. Dette betyr at dersom ein vikar måtte jobbe for ein tilsett som var i karantene, så får kommunen refusjon for vedkomande i karantene. Då er ikkje heile kostnaden til vikar ein Covid-19-kostnad.

Hemsedal kommune har bokført kr. 197.000 som Covid-19 relaterte lønnskostnader. I tillegg kjem sosiale kostnader.

I revidert statsbudsjett er det signalisert at lønsoppgjaret i 2020 med høg grad av sannsynlegheit vil bli lågare enn prognosane. Dette vil truleg også spele inn når staten bereknar ekstra tilskot til kommune.

2.1.1 Rådmannen med stab:

Ingen vesentleg avvik når det gjeld rådmann med administrasjon

2.1.2 Kultur og oppvekst:

Barnehagene:

Meirforbruket på 360.000 kan forklarast med refusjon frå IMDI kr 127 000. Vi får 140 000 kr i juni frå direktoratet som refusjon på vidareutdanning. Derav utgjer dette 93 000 kr for første tertial.

Skulene:

Meirforbruket på 621.000 skuldast lærarar i utdanning. Vi får inn 600 500 kr i juni . Derav er tertialbeløp 400 000 kr. Refusjon for HTV 58 000, refusjon frå annan kommune 196 000. Spart budsjettmidlar til kultursjef utgjer 176 000 kr er med i budsjettet og påverkar meirforbruket ikkje er så stort. Vi har lønnsgliding i Kulturskulen som ikkje var kjent i budsjettet for 2020 . Det utgjer 55 000 kr.

2.1.3 Helse og omsorg:

Helse:

Meirforbruket på 197.000 er knyta til lønn for medarbeidrarar på legekontoret.

Omsorg:

Meirforbruket på 309.000.

Helse

Meirforbruket på kr. 535.000 i helse ligg hovudsakleg på legeteneste og på helsestasjonen. Legeteneste har mykje overtid i vintersesongen. Det var fremma eit forslag til budsjett for 2020 med å auke med ein 30% stilling, da dette meirforbruket skjer årleg. Over 50% av pasientane på legekontoret er turistar. Meirforbruket skyldast overtid, da ein ikkje kan gå heim før alle pasientane er ferdig behandla.

Tidlegare leiар ved helsestasjonen er ikkje heimla, denne fell bort frå 1. september og meirforbruket vil for ein stor del dekkast opp av prosjektmidlar frå nytt driftstilskot til privat fysioterapeut (Helselaben) som kom inn på slutten av 2017. Prosjektmidlar – kr. 285.000 – på helsestasjonen vil dekke opp noko for lønn.

Omsorg

Bygdaheimen har hatt fullt belegg, 2 personar delar rom. Korttidsplassar er tekne i bruk til langtidsplassar og ein stue har vert brukt til avlastningsbustad for heimebuande. Fleire ressurskrevjande brukara har kravd ein til ein bemanning heile døgnet, dettefor å ivareta sikkerheita til brukarane sjølv og tilsette. Dette har krevd at vi har sete inn ekstra bemanning i periodar. Det har vært behov for å sette inn ein person ekstra på nattevakt og også ekstrabemannning på dementavdelinga grunna uro og sikkerheit. Vi avvikar ekstra nattevakt og tar i bruk digital løysing. Behov for ekstra bemanning på dementavdelinga vil variere. Meirforbruket var stort i januar, men prognosane er vesentleg betre etter 1. halvår. Bemanninga blir heile tida justert i forhold til behovet. Bygdaheimen og heimebaserte tenester nytter tilsette på tvers og ein må sjå på lønnskostnadene samla.

Heimetenenesten har fleire brukara pga. at Bygdaheimen ikkje har ledige plassar. (HSS er brukt der det er mogleg) Mange av brukarane treng mange besøk dagleg og i tillegg har vi hatt fleire turistar som treng tenester på hytta. Kommunen pliktar å gje alle som oppheld seg i kommunen tilsvarande tenester som dei har vedtak på i heime-kommunen. Det tilfalla ikkje hyttekommunen midlar for å dekke desse kostnadane. Bygdaheimen og heimebaserte tenester nytter tilsette på tvers og ein må sjå på lønnskostnadene samla.

Bråtenjordet har et meirforbruk i 2020 grunnet spesielle forhold vedr lønn i desember som ble utbetalt i januar. Dette merforbruket har stagnert og blitt noe redusert.

2.1.4 Teknisk

Mindreforbruket på kr. 597.000 er kjent og kontrollert, men i hovudsak vakans i stillinger. Sparte lønnsmidlar vert delvis omdisponert til kjøp av eksterne tenester. Det er og registrert noko ekstraressurs på reinhald jfr. arbeid med Covid-19.

2.2 Andre kostnader

Covid-19 – andre kostnader:

Det er bokført 694.000 kroner pr. april knytt til Covid-19.

Det er ikke gjort nokon analyse av om nokre kostnader eigentleg gjeld ordinær drift. Rådmannen har sendt ut skriv om kva for kostnader som er relatert til Covid-19.

Totale kostnader ekskl. Covid-19:

Totalt – andre kostnader pr. april (Rekneskap pr. april 2020 – periodisert budsjett – Rekneskap pr. april 2019)

	Kommunen totalt	R 2020-4	B 2020-4	R 2019-4	B 2020	R 2019 - R 2018
11	KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMM	11 047	12 829	11 603	-1 782	-556
13	KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL	18 776	14 644	11 595	4 132	7 181
14	OVERFØRINGSUTGIFTER	4 670	3 315	5 013	1 355	-344
	Totalt	34 493	30 788	28 212	3 705	6 281

Kommentarar:

Tabellen syner alle kostnader ekskl. mva. i den aktuelle perioden. Covid-19-relaterte kostnader er helde utanom, mens andre tilskotsbaserte kostnader er med.

Meir-kostnadene frå 2019 til 2020 har kjente årsaker og dei vesentlege avvika vil ha tilsvarende avvik når det gjeld inntekter.

2.2.1 Rådmannen med stab:

	Rådmann med stab	R 2020-4	B 2020-4	R 2019-4	B 2020	R 2019 - R 2018
1000:1100 - 11	KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMM	1 761	1 276	1 265	485	496
1000:1100 - 13	KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL	2 849	2 905	2 772	-56	77
1000:1100 - 14	OVERFØRINGSUTGIFTER	70	50	38	20	32
	Totalt	4 680	4 231	4 075	449	605

Vi veit kva avvika skuldast, og dei er ikke relatert til normal drift. Punkta vil bli teke opp i sak om budsjettrevisjon.

2.2.2 Kultur og oppvekst:

	Skuleadm, skuler og kulturskule	R 2020-4	B 2020-4	R 2019-4	R 2020 - B 2020	R 2019 - R 2018
2010:2100,2200,2300,2400 - 11	KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMM	1 883	1 673	2 187	210	-305
2010:2100,2200,2300,2400 - 13	KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL	856	864	645	-8	211
2010:2100,2200,2300,2400 - 14	OVERFØRINGSUTGIFTER	2 772	2 395	2 582	377	190
	Totalt	5 511	4 932	5 414	579	97
					R 2020 - B 2020	R 2019 - R 2018
	Barnehager	R 2020-4	B 2020-4	R 2019-4	B 2020	R 2018
2210,2310 - 11	KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMM	373	567	536	-194	-162
2210,2310 - 13	KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL	0	0	4	0	-4
2210,2310 - 14	OVERFØRINGSUTGIFTER	0	0	0	0	0
	Totalt	373	567	540	-194	-166

Økonomisjefen sine kommentarar:

Både skule og barnehagar skal ha eit lite mindreforbruk i kostnader ettersom dei har vore stengt i 5-6 veker. Meirforbruket på skule inkl. administrasjon skuldast i stor grad kostnader relatert til opplæring av vaksne framandspråklege. Desse vil ha også ha ei inntektsside.

Det er og vil kome meirforbruk på skysskostnadene til språkopplæring på Gol. Dette skuldast ny avtale med kommunane som samarbeidar om norsk med samfunnsfag – kommunane Flå, Gol, Nesbyen og Hemsedal. Vi får ikkje refundert alle skysskostnadane til Gol med taxi. Vi får refundert månadskort med buss. Dette vil også bli justert i budsjett 2021. Refusjon vert utbetalt i desember.

2.2.3 Helse og omsorg:

	Helse:	R 2020-4	B 2020-4	R 2019-4	R 2020 - B 2020	R 2019 - R 2018
2500:2540 - 11	KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMM	960	326	1 087	634	-127
2500:2540 - 13	KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL	761	2 257	808	-1 496	-48
2500:2540 - 14	OVERFØRINGSUTGIFTER	573	565	7	8	565
	Totalt	2 293	3 148	1 903	-855	391
	Omsorg:	R 2020-4	B 2020-4	R 2019-4	R 2020 - B 2020	R 2019 - R 2018
2700:2740 - 11	KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMM	1 378	1 248	1 305	130	73
2700:2740 - 13	KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL	5 539	0	36	5 539	5 502
2700:2740 - 14	OVERFØRINGSUTGIFTER	0	0	550	0	-550
	Totalt	6 917	1 248	1 891	5 669	5 026

Helse:

Overføring til andre er inkl. overføring til barnevern og NAV Gol/Hemsedal. Faktura er ikkje motteke og er årsaken til tilsynelatande redusert periodisert forbruk budsjett (som i 2019).

Omsorg:

Meirforbruket skuldast kostnader til ein PU brukar, som ikkje bur i Hemsedal kommune. Denne avtala skal reviderast og det er knytta usikkerheit til kostnadsfordelinga fremover.

2.2.4 Teknisk

	Helse:	R 2020-4	B 2020-4	R 2019-4	R 2020 - B 2020	R 2019 - R 2018
3010:3300 - 11	KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMM	4 693	7 739	5 223	-3 046	-530
3010:3300 - 13	KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL	8 771	8 618	7 330	153	1 441
3010:3300 - 14	OVERFØRINGSUTGIFTER	1 255	305	1 545	950	-290
	Totalt	14 719	16 662	14 098	-1 943	621

Teknisk:

Avvik vil vel så mykje skuldast periodisering i budsjett. Det ligg inne noko meir bruk av ekstern advokat- og konsulentbistand sidan eigen jurist har vore oppteken med beredskap- og andre preserande oppgåver. Det ligg også inne noko ekstraordinære kostnadar knytt til reinhald, som antibac, desinfeksjonsmaskin jfr. Covid-19 (mars-april). Det har også vorte registrert ekstra kostnadar knytt til tilpassning bygg, areal, chort.

2.2.5 Finans – annet

Kostnadene til renter og avdrag er stort i samsvar med berekna, periodisert budsjett. Hemsedal kommune betaler normalt for lite i avdrag i høve til reglar om minste tillate avdrag, dette blir ev. korrigert mot slutten av året. Rentesatsen har sunke betydeleg utover våren og for nokre av våre lån betaler vi pr. april 1,4 % rente p.a.

2.3 Inntekter

Covid-19 – Inntekter:

Regjeringa var tidleg ute med ein del strakstiltak for kommune-Noreg. Dei direkte tilskota vi har fått pr. april er:

Auka rammetilskot	kr. 1.949.000
Tilskot for 4 veker stengt barnehage og SFO	kr. 478.000

I tillegg er det komme signal om kr. 350.000 i skjønnnsmidlar. Sats for arb.g.avg. skal reduserast med 4 % i to månader, dette vil for Hemsedal kommune sitt vedkomande utgjere om lag 450.000 pr. månad, dvs. opp mot 900.000.

Det er gjeve signal om ytterlegare tilskot/refusjonar!

Totalt – andre inntekter pr. april (gjeld postar som ikkje blir beskrive andre stader, td. Frie inntekter, eigedomsskatt samt refusjon for sjukdom og svangerskap):

	Helse:	R 2020-4	B 2020-4	R 2019-4	R 2020 - B 2020	R 2019 - R 2018
16	SALGSINNTEKTER	-16 490	-19 388	-17 221	2 898	731
17	REFUSJONER	-4 280	-49	-1 763	-4 231	-2 517
18	OVERFØRINGSINNTEKTER	-1 109	-2 100	-2 292	991	1 183
	Totalt	-21 879	-21 537	-21 276	-342	-603

Kommentarar:

Det er ein del avvik mellom gruppene. Dei aller fleste har administrasjonen kontroll på og skuldast inntekter som er knytt til kostnader, eller avvikande innbetalingsfrekvens.

2.3.1 Rådmannen med stab:

	Helse:	R 2020-4	B 2020-4	R 2019-4	R 2020 - B 2020	R 2019 - R 2018
1000:1100 - 16	SALGSINNTEKTER	-53	-13	-23	-40	-30
1000:1100 - 17	REFUSJONER	-68	-11	-69	-57	-1
1000:1100 - 18	OVERFØRINGSINNTEKTER	-1 090	-2 100	-2 262	1 010	1 172
	Totalt	-1 211	-2 124	-2 354	913	1 143

Avvik skuldast at særskilt inntekt er komme i ein seinare rapport.

periode. Det vil rette seg opp ved neste

2.3.2 Kultur og oppvekst:

	Skuleadm. Og skuler inkl. kulturskule	R 2020-4	B 2020-4	R 2019-4	R 2020 - B 2020	R 2019 - R 2018
2010,2100,2200,2300,2400 - 16	SALGSINNTEKTER	-754	-773	-898	19	143
2010,2100,2200,2300,2400 - 17	REFUSJONER	-822	0	-834	-822	11
2010,2100,2200,2300,2400 - 18	OVERFØRINGSINNTEKTER	0	0	-20	0	20
	Totalt	-1 576	-773	-1 751	-803	175
					R 2020 - B 2020	R 2019 - R 2018
2210,2310 - 16	SALGSINNTEKTER	-1 533	-1 667	-1 744	134	210
2210,2310 - 17	REFUSJONER	-25	0	-13	-25	-12
2210,2310 - 18	OVERFØRINGSINNTEKTER	0	0	0	0	0
	Totalt	-1 558	-1 667	-1 757	109	198

Økonomisjefen sine kommentarer:

Skule:

Avviket på skule gjeld særskit tilskot til vaksenopplæring, sjå avvik når det gjeld kostnader.

Under kontroll.

Barnehage:

Vi har sendt ut rekning for SFO for mars og april då det var stengt, korreksjon blir gjort i mai og juni.

2.3.3 Helse og omsorg:

	Helse	R 2020-4	B 2020-4	R 2019-4	R 2020 - B 2020	R 2019 - R 2018
2500:2540 - 16	SALGSINNTEKTER	-529	-432	-657	-97	128
2500:2540 - 17	REFUSJONER	-137	0	-289	-137	152
2500:2540 - 18	OVERFØRINGSINNTEKTER	0	0	0	0	0
	Totalt	-666	-432	-946	-234	280
	Omsorg	R 2020-4	B 2020-4	R 2019-4	R 2020 - B 2020	R 2019 - R 2018
2700:2740 - 16	SALGSINNTEKTER	-1 210	-1 453	-1 428	243	217
2700:2740 - 17	REFUSJONER	-3 149	0	-464	-3 149	-2 686
2700:2740 - 18	OVERFØRINGSINNTEKTER	-18	0	-10	-18	-8
	Totalt	-4 378	-1 453	-1 902	-2 925	-2 476

Økonomisjefen sine kommentarar:

Omsorg:

Artsgruppe 17 – refusjonar – gjeld tilskot til bruker, der ordninga gir kostnader tilsvarende inntekter.

Under kontroll.

2.3.4 Teknisk

	Teknisk	R 2020-4	B 2020-4	R 2019-4	B 2020	R 2019 - R 2020 -
						R 2018
3010:3400 - 16	SALGSINNTEKTER	-12 410	-15 050	-12 472	2 640	61
3010:3400 - 17	REFUSJONER	-78	-38	-95	-40	17
3010:3400 - 18	OVERFØRINGSINNTEKTER	-1	0	0	-1	-1
	Totalt	-12 489	-15 088	-12 567	2 599	78

Inntekter er noko under budsjettet. Det er samstundes venta noko tap på utleige av kommunale bustadar, som kjem klarere fram ved neste tertialrapport, samt tap spesielt på gebyrinntekter byggesak. Kommunen vil tape leigeinntekter på fysio, samt leigeinntekter frå Lennsmannsgården, og kontor NAV.

2.3.5 Finans - renter

Inntekter frå bankinnskot vil endre seg i samsvar med redusert rentenivå. Netto-verknad av eit høgare rentenivå skal ikkje bli dramatisk, truleg vil det vere ein reduksjon i nett-kostnader ettersom kommunen har høgare lånegjeld enn bankinnskot.

Hemsedal Energi AS har gjeve signaler om at inntektene frå sal av energi vil kunne gje eit dårlegare resultat enn budsjettet. Rådmannen trudde elles at kraft vart selt etter ein modell der 2020 var pris-sikra. Dette forholdet vil bli teke opp i sak om budsjettrevasjon.

2.3.6 Frie inntekter - skatt og rammetilskot

Skatteinntektene blir rapportert månadleg som eigen informasjon til politisk nivå.


Skatteinntekter og rammetilskot må sjåast i samanheng ettersom høgare skatteinntekter særskilt for Hemsedal vil bety lågare rammetilskot i form av skatteutjamning.

Skatt:

Diagrammet til høgre syner prognosene for budsjett 2019 sett mot reelle skatteinntekter månad for månad.

Skatteinntektene pr. april 2019 er 2,1 % høgare enn tilsvarande periode i 2018, men heile 8,0 % høgare enn prognosene for 2019.


Ei viktig presisering her er at ein normalt ikkje veit noko sikkert om skatteinntektene for heile året før desember.



Rammetilskot:

I høve til prognosene for 2019 har Hemsedal kommune pr. april 2019 fått om lag 330.000 meir i rammetilskot.

I følgje oversyn frå KS skal vi pr. mars trekkast 1,1 mill. kroner i såkalla inntektsutjamning, sjå generell kommentar nedanfor. Dette er ikkje teke omsyn til i sjølve diagrammet.

**Generell kommentar:**

Skatteinntektene og rammetilskot skal sjåast i samanheng. Så lenge Hemsedal får meir enn skatteinntekter pr. innbygger enn landsgjennomsnittet vil ei auke i skatteinntekter ut over som vart rekna med då statsbudsjettet vart vedteke, bli korrigert i rammetilskotet. Førebels veit vi berre kor mykje som blir korrigert ved hjelp av ei berekning.

2.3.7 Egedomsskatt

Art	Artstekst:	R 2020-4	B 2020-4	R 2019-4	R 2020 -	R 2019 -
		B 2020		B 2020	R 2018	
18740	Eiendomsskatt annen eiendom	0	-2 600	-2 664	2 600	2 664
18750	Eiendomsskatt boliger og fritidsboliger	0	-3 500	0	3 500	0
	Totalt	0	-6 100	-2 664	6 100	2 664

Generelt:

Budsjett 2020 var berekna ut frå oppsett i haust. Det er ikkje skrive ut skattesetel pr. april.

Egedomsskatt for næringslivet har vore sak fleire gonger og det er enda ikkje bestemt korleis dette skal handsamast. Dette har sin årsak i Covid-19.

MEN; dersom ein skriv ut egedomsskatt etter taksering, så vil egedomsskatt for 2020 bli på rundt kr. 20 mill. i 2020. Dette er om lag 7 – 8 mill. kroner meir enn budsjettert for 2020.

2.4 Investeringsar

DU FINNE SKJEMA [her](#)

Prosjekt		R 2020-4	B 2020-totalt	Kommentar
007	Veglys	0	800 000	
008	Sentralskule med trafikkareal	334 564	17 500 000	
009	Parkeringsareal Tuv Oppvekstsenter inkl belysning	0	200 000	
010	Krikken ny drikkevasskilde	71 834	2 000 000	
20	Tiltak Venås bru - overtaking/ sikring		240 000	
025	Bruøyne med frimråder	137 300	100 000	Overforbruk vert dekket av statlege tilskot
038	Asfaltering Svøø III bustadfelt	464 291	0	Dekka av overførte midler frå 2019.
053	Ny driftskontroll kommunale VA-anlegg	484 808	2 876 000	
055	Rehabilitering ledningsnett m.m.	0	750 000	
056	Utviding av returpunkt Holdebakken	0	2 500 000	
57	Bygdaheimen - Velferdsteknologi			Dekka av overførte midler frå 2019.
058	Nytt avløpsanlegg Tuv	0	2 500 000	
062	Avløppspumpestasjon Elvely	0	1 500 000	
108	Høgdebasseng Holdebakken	1 294 177	8 500 000	Se K-sak 50/20. Justert jfr. eige vedtak
113	Grunnkjøp skole	18 900	0	Sjå revidert investeringsbudsjett
114	Grunnkjøp BU7	0	8 943 000	
115	Utvikling av bustadfelt BU7	44 150	10 500 000	
116	Øya Camping	13 290	0	Dekka av overførte midler frå 2019.
117	Hemsedal kyrkje, spir + tårn	0	3 500 000	
143	Utbygging Fiskum (Trøim sør)	86 792	0	Dekka av overførte midler frå 2019.
150	Veg og va haugsvegen, tunsv. og trøimsvegen	0	876 000	
157	Dagsenter, omsorgsbustader m.m.	20 000	1 300 000	
239	Lettere gangveg Moavegen			Dekka av overførte midler frå 2019.
250	Golf/Alpin IV-F17	0	400 000	Sjå sak - revidert budsjett
251	Grunnkjøp HIAS-avtalen	0	10 000 000	Sjå revidert budsjettforslag
252	Hengebru over Mørkedøla - Rjukandefossen	0	50 000	
Totalt		2 970 106	75 035 000	

3. SPESIELLE HENDINGAR

3.1 Rådmannen med stab:

Dei kommunale tiltaka for å få kontroll på Covid-19-pandemien har fungert bra med omsyn til smittespreiing. Det er mange å takke for dette. Staben har fungert tilnærma som vanleg med arbeidsplass på kommunehuset. Stengt kommunehus har gjeve arbeidsro til å gjere dei fleste oppgåvene i tillegg til det som har vore ekstra med Covid-19-tiltaka.

Rådmannen har som følgje av den ekstra situasjonen vi har vore i utsett si oppseing i samråd med Regionrådet. Siste arbeidsdag blir 30. mai.

3.2 Kultur og oppvekst:

Nedstenging av barnehage, SFO og Kulturskule medfører stort tap av inntekter (brukerbetaling) i første tertial.

3.3 Helse og omsorg:

Covid-19-tiltaka har satt tenesta under eit stort press med mykje ekstra innsats frå mange aktørar. Hallingdal Barnevernsteneste har i sin tertialrapport kommentert ein truleg meirkostnad på 2,5 mill. kroner for Hemsedal kommune.

3.4 Teknisk

Arbeid med innføring av eigedomsskatt har spesielt vore krevjande på teknisk etat, som i praksis har teke over eigedomsskattekontoret. Det er anslag på ca. 45 dagsverk ekstra arbeid i periode januar-april som har gått noko utover spesielt byggesaksbehandling i perioden. Covid-19 har frå mars og april spesielt utfordra reinhald, men også vaktmesteressurs i høve ei rekke avbøtande tiltak. Det gjennomført anbodskonkurranse for 3-årig kontrakt på feiring av kommunale veger. Etter ny kontakt må vi betale ca. 200 000 kr meir pr. år samanlikna med tidlegare kontrakt.

4 VEDTAK

Sjå vedtaksoversyn:

<T:\Hemsedal\Leiargruppe\Tertiairrapporter\2020\Vedtak>

4.1 Kommunestyret:

Vedtaksnr:	Vedtakstekst:	Avvik	Kommentar:
37/2017	Lag og organisasjoner. Bruksrettavtaler, bruk og utleie av bygga		Delvis vedteke – deler av sake vert teke opp etter avklaringar, jfr. Skulesaka
77/2017	Interpellasjon frå Janne Brøndbo (A) til kommunestyret 08.11.2017		Usikker på om det gjeve signal Oppmoding om å ta inn elevar i språkpraksis. Det ikkje teke inn tiltak i Budsjett 2018 for å gje ungdom sommarjobb.
124/2019	Handlingsprogram og økonomiplan 2020 - 2023, Budsjett 2020		Adm. må: <ul style="list-style-type: none">- framlegg til gebyr vigsler- innføre leige for P-plasser med strømmuttak- utrede besøksavgift- vurdere antall kommunale boliger, ev. selge
27/2020	Masterplan terrengsykkel - stadfestning finansiering		Budsjettjustering – noko uklart mht. Storleik på garantism, føresetnader også andre aktører
28/2020	Bruksendring frå fritidsbustad til bustad		Utsett
37/2020	Forskrift om godtgjering for folkevalte i Hemsedal kommune		Ut på høring
41/2020	Hemsedal som bærekraftig reisemål		Økonomiplan 2021-2024

4.2 Formannskapet

Vedtaksnr:	Vedtakstekst:	Avvik	Kommentar:
14/2020	Bruøyre trebru - salg		Utsett – avklaringar i høve trafikksituasjon. Ny sak
19/2020	Skuleareal for neste års 5. trinn, skuleåret 2020-2021		Vedtak gjort i 2. tertial.

4.3 Hovudutval for Livsløp

Vedtaksnr:	Vedtakstekst:	Avvik	Kommentar:
40/2019	ENDRING I VEDTEKTER, HEMSEDAL KOMMUNE SITT LEGAT		Ikkje fått melding frå Stiftingstilsynet
2/2020	Retningsliner for tildeling av kulturmiddlar, Revidering 2020		Utsatt
4/2020	Dagsenter - demens		Til kommunestyret - Må opprette punkt i gebyroversiktene

4.4 Hovudutval for Plan og ressurs

Ingen

5 Rådmannen sine konklusjonar pr. 1. tertial

5.1 Medarbeidarperspektivet

Sjukefråværet er lågt i høve til dei aller fleste andre kommunane i landet. Eit fortsatt fokus på området er likevel viktig for å kunne gje brukarane dei tenestene som dei har krav på.

5.2 Økonomiperspektivet

5.2.1 Løn korrigert for refusjon sjukdom og svangerskap

Verksemndene har gode forklaringar på meir- eller mindre-forbruk av løn. For omsorg har det vore eit relativt lite meirforbruk på løn. Eit meirforbruk på løn innan omsorg vil normalt vere umogeleg å ta inn att. Vi har fortsatt nokon utfordringar ved å plassere kostnader mellom institusjon og heimetenestene, men fordelen er nok større enn ulempa ettersom mannskap blir lånt ut mellom avdelingane etter behov.

5.2.2 Andre kostnader

Dei store kostnadene vil i nokon grad ha forskjellig forfall frå år til år. Det burde vere likt, men alle verksemder har sine måtar å berekne forfall på.

Rådmannen har ikkje særskilte kommentarar til andre kostnader pr. april.

5.2.3 Andre inntekter

Dei store inntektene vil i nokon grad vere lettare å vurdere år for år så lenge kommunen sjølv sender ut refusjonskrav og rekning. Ei utfordring er tilkoplingsgebyr som er avhengig av byggeaktiviteten og når bygg blir teke i bruk, samt eksterne tilskot. Fri inntekter ligg noko over prognose, men normalt vil ein ikkje kunne vere sikker før i desember når skattemånaden november er kjent.

5.2.4 Investeringar

Mange av investeringane er avhengig av planprosesser som har drege noko ut i tid. Dette har påverka spesielt prosesser omkring grunnkjøp, men også oppstart av prosjekteringsarbeid. Viljen til å investere vert høgare enn evna til å gjennomføre. Rådmannen har lagt opp til å finansiere fleire infrastruktur-tiltak med kapitalfond.

5.2.5 Forventa resultat 2020

Korleis resultatet blir for budsjettåret 2020 er sjølvsagt alt for tidlig å konkludere med når berre fire månader er lagt bak oss. I tillegg har vi Hemsedal som alle andre kommunar i Noreg fått utfordringar med Covid-19-epidemien.

Status pr. dato er ganske tilfredsstillande. Kommunen sjølv vil truleg greie seg relativt bra så lenge kommunane blir beskytta med statlege tilskot. Men alle faktorane som er beskrive tidlegare i rapporten gjer ingen klarheit i korleis reduserte skatteinntekter vil bli kompensert. Rådmannen er veldig sikker på at ein vil sjå konsekvensar når det gjeld skatteinntekter. Vidare vil det bety mykje korleis eigedomsskatten for næringsdrivande vil bli handtert av kommunestyret.

5.3 Spesielle hendingar

Dei einskilde verksemndene har skrive særskilte hendingar som har hendt i budsjettåret. Desse får stå for seg sjølv, men rådmannen har vore klar på at nye behov må dekkast ved å finne interne løysingar, aller helst ved at verksemda sjølv finn måtar å drifta på som gjer rom for nye tiltak. Rådmannen har lagt opp til ei nøktern drift i samsvar med forventa inntekter i opprinnleg budsjett 2020, men sjølv då må ein nytte av fondsmidlar for å kunne finansiere ordinær drift. Når vi i tillegg veit at ein planlegg store investeringar dei komande åra med stor auke i finanskostnadene som følgje av dette vil rådmannen be om at nøkternhet for å setje i verk nye tiltak.

5.4 Løpende oppfølgjing av vedtak

Kommunestyret og fagutvala gjer ein del vedtak gjennom året. Desse blir følgd opp så godt som råd med dei ressursane som er tilgjengeleg. Desse er synt til i punkt 4. Ingen av avvika er definert som kritiske.